



HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3223 - 15/28624

Saksbehandlar:

Øyvind Stang

Oyvind.Stang@lindas.kommune.no

Dato:

04.09.2015

Søknad om støtte til folkehelseiltak i Lindås kommune

Lindås kommune søkjar med dette om tilskot på kr. 150.000 til folkehelsearbeid i 2016.

Namn på prosjekt/iltak: Ny folkehelseplan / ny giv til folkehelsearbeidet i Lindås kommune.

Kort skildring av prosjekt/iltak: Lindås kommune ynskjer å få på plass ein ny folkehelseplan og folkehelseoversikt for kommunen. Ein ynskjer òg å kome i gang med nye folkehelseiltak. For å vera ein pådrivar i dette arbeidet vil kommunen opprette ei toårig 100% prosjektstilling som «aktivitets- og folkehelsekoordinator». Det vil òg verta oppretta ei prosjektgruppe kor kommuneoverlegen, einingsleiar for kultur og aktivitet og ass. rådmann vil delta. Styringsgruppe vil vera leiargruppa til rådmannen. Lag og organisasjonar vil verta invitert med i referansegruppa.

Tiltak:

- Utarbeide ein folkehelseplan for kommunen.
- Sikre god forankring av folkehelsearbeidet i andre planverktøy hjå kommunen.
- Sikre at folkehelseperspektivet vert godt ivareteke i samfunnsdelen av kommuneplanen som skal rullerast våren 2016.
- Utarbeide ei folkehelseoversikt for kommunen.
- Vera eit bindeledd mellom lag/organisasjonar og kommunen i felles prosjekt/iltak for å betre folkehelsa til innbyggjarar i kommunen.
- Motivere både dei ulike avdelingane i kommunen og samarbeidspartnarar som lag og organisasjonar, til å drive folkehelsearbeid.
- Sette i gang folkehelseiltak med spesielt fokus på barn og unge.

Forventa effekt:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Kommunen vedtek ein ny folkehelseplan.
- Folkehelseperspektivet er synlig og godt innarbeidd i kommunen sine planverktøy.
- Det er utarbeidd ein folkehelseoversikt for kommunen.
- Kommunen har eit godt samarbeid med lag og organisasjonar om folkehelsearbeid.
- Det er satt i gang nye tiltak spesielt retta mot barn og unge.

Framdrift- og finansieringsplan:

- **Haust 2015:** Tilsetting aktivitets- og folkehelsekoordinator. Etablering av prosjekt og prosjektorganisasjon. Starte opp arbeidet med ein ny folkehelseplan, sett i samanheng med rullering av samfunnsdelen til kommuneplanen.
- **2016:** Folkehelseplan og folkehelseoversikt vert utarbeidd og vedteke. Folkehelseperspektivet vert synlig i planprosessane i kommunen.
- **2017:** Ulike tiltak med spesielt fokus på barn og unge, vert sett i gang i lag med lag og organisasjonar.
- **Finansiering:**
 - Årlege utgiftar: Kr. 600.000 Personalutgiftar for ei 100% stilling
 - Kr. 100.000 Diverse utgiftar seminar, møter, tiltak
 - Årlege inntekter: Kr. 650.000 Lindås kommune
 - Kr. 150.000 Hordaland fylkeskommune

Vi håpar på eit positivt svar på søknaden.

Venleg helsing

Assisterande rådmann	Kommuneoverlege	Einingsleiar kultur og aktivitet
Hogne Haugsdal	Terese Folgerø	Øyvind Stang

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Kopi til:
Mottakarar:**

Kopi til:

Mottakarar:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE